



DEN NORSKE KYRKJA

Fellesrådet i Stangvik og Surnadal

Postboks 19
6656 SURNADAL
Tlf: 71657065
Faks: 71657061

Fornyings-, Administrasjons- og Kirkedepartementet
Postboks 8004 Dep
0030 OSLO

Kyrkjekontoret i Surnadal 10.09.2010
Vår sakshandsamar: Ingeborg Nordlund
Vår ref.: 10/00027-003
Arkivkode: 501

Høyringsuttale - endringar i gravferdslov og kyrkelov frå fellesråda i Rindal og Surnadal

Rindal og Surnadal er to fellesråd på Nordmøre med eit formalisert samarbeid. I området er det 6 sokn, 8 kyrkjer og 9 kyrkjegardar.

Tilsaman har vi ca 110 gravferdar i året.

Vi ser at det er ynskjeleg med revidering av gravferdslov og kyrkelov. Vi ynskjer oss ei lovgivning om er fleksibel slik at vi kan gjere lokaletilpassingar for å møte einskildmennesket sine ynsker og behov, samstundes som det er sett grenser som beskytter alle partar- sørgande og dei som skal tjene dei - mot unødige konflikhtar og belastningar.

Enkelt punkt i høyringsnotatet:

§ 1 Grunnleggende bestemmelser

Vi foreslår følgende ordlyd :

Ved gravlegging skal det legges til rete for at de ulike religioners og livssyn skal kunne ivaretaes.

Grunn til at vi ynskjer den formuleringa i staden for den FAD foreslår er at det ikkje berre er avdøde som treng å verte ivareteke ved eit dødsfall. Ei gravferd er fyst og fremst ei omsutshandling for dei gjenlevande. Det er heller ikkje alltid ein er kjende med avlidne sitt ynskje om gravferda si. Dei pårørandeer dei som best kan målbera kva som er ynskjeleg for sin familie.

Vi er og kjende med at mange ynskjer å fylgje sine forfedres gravskikker og ikkje nødvendigvis bruke retten sin til å verta gravlagd på ein "anonym" stad, sjølv om dei valga ein har gjort tidlegare i livet skulle tilseia det. . Det er td. eksempler på at humanetikarar ynskjer å bruke familiegravstaden til garden sin i staden for å få ei ny grav på ein annan gravstad. Det er viktig at den einskilde får spørsmålet om kva vi kan gjera for deg og at vi møter den einskilde med openhet og omsut. Kyrkja har lang erfaring med å møte sørgjande ,og ser at einskildmennesket sine behov er meir ulike enn skilje mellom kva for religion ein tilhøyrer.

På bygda er det tradisjon at alle står i lag, vi er ikkje fleir enn at vi treng kvarandre. Kyrkjegarden er for alle, ei kristengrav og ei samegrav side om side uten at ein problematiserar det.

Ulikt, nytt og gammalt kan leve godt side ved side og berike kvarandre. På ein kyrkjegard/gravplass kjem dette samfunnsanliggende til syne. Kan hende ikkje alle religionar sett like stor pris på det, men det er vår kultur og særpreg. Dette er ein verdi vi vil å hegne om og inkludere nye som kjem til oss i.

Om ein ikkje etter sin død kan liggje atmed nokon som står for noko anna en seg sjølv, korleis skal en då kunne leve saman?

Praktisk sett er det ynskjeleg at alle får eit val på kvar dei vil gravleggjast. I dag er det ikkje naturleg å ha mange ulike tilbod i alle kommunar, kanskje kan ein samarbeide over eit større område? Der ein ikkje finn eit tilbod i nærleiken som dekke behova er det rimeleg at det vert gjeve eit tilskott til å dekke kostnadar opp til ein fast sum som dekker dei utgifter heimkommunen slepp -td. inntil 25.000 kr

§23 Forvaltningsansvar – årleg møte

Vi ser ikkje at dette er tenleg under våre forhold.

Og finne kvalifiserte deltakarar til eit slik møte vil vere vanskeleg. Kven skal avgjera kven som skal møte?

Det er viktig at den kompetansen og erfaringa den lokale kyrkja sitt inn med vert ivareteke, samtidig som ein tilegne seg ny innsikt etter kvart som verda endrar seg, denne kompetansen er det viktig at førstekontakten ved eit dødsfall sitt inne med.

Av den grunn tenkje vi oss ei litt anna samansetting av eit slik utval , samansett av

td. ein representant frå gravferdsbyrå, omsorgstenestene, legevakt, prest, polit, ambulanse, i tillegg til kyrkjevevja. Og at ein der inviterte inn representantar frå ulike religionar for å gje opplæring om skikkar og tradisjonar . Saman kunne dei drøfte korleis en best kan leggje til rette ?

Eit anna alternativ for å ivareta kompetansebehovet kan vere å ha eit utval på ei eller annan regionaleining. Det er i dag eit velfungerande fagleg nettverk av kyrkjevevjene på bispedømeplan, Her skjer mykje læring, dette bør ein fortsatt take vare på. Her er kanskje den største kompetansebasen på gravferd vi har i dag

§10 Betegnelsen Kyrkjegard – bruk heller begrepet gravplass enn grav lund

Her bør ein skilje mellom eigennavn og det begrep ein brukar i lov og forskrift.

Ute på bygdene er det mange gravstader utan kyrkjer – dei heiter enkelt og greit gravplass, det vi vere unaturleg å kalle alle desse til dels golde plassar for ”gravlund”.

Kanskje bør ein og bruke begrep som gravferdsmynde i staden for gravlundsforvaltning.

§12 og 13 Frist og unntak frå regelen om frist for gravlegging

Det det kan medfører belastning for pårørende om det går for lang tid mellom dødsfall og gravferd. Dei fleste unntaka vi gjer i dag hadde vore unngått om ein hadde sett

at gravferda skulle skje innan 8 virkedagar etter dødsfallet. Då ville ein få fleire dagar å gå på rundt høgtidane og unngå at 14 dagar vart den normale lengda mellom dødsfall og gravferd. Vi har ikkje kapasitet i bårerom for det slik det er i dag, om alle skal liggje i 14 dagar. Det vil i tilfelle gje økonomiske konsekvensar i form av større og betre bårerom.

Klageadgang for vedtak etter offentleglova.

Vi støtter at klageordning innføres, men at det må utredes nærmere hvordan ordningen skal organiseres.

Vi foreslår Kirkerådet som sentralt klageorgan i kyrkjeog kyrkjelydssaker og Fylkesmannen som klageorgan for gravferdssaker.

Dette for å trygge ei demokratisk forankring av vedtak og for dei som som ikkje høyrer kyrkja til.

Tilpassing til nye strukturer og soknetsorganer

Det er bra at lova tek opp i seg dei endringane som skjer med kyrkjestrukturen. I strukturendringane er det viktig at dei lokale kyrkjemedlemmane får uttale seg om endringar som skal skje med deira kyrkje og kyrkjegard og organisering av prestetenesta og andre til tilsette som skal virke i soknet.

For dei lokale sokneråda bør formalitetskrava senkast og administrasjon og økonomistyring leggst til eit kyrkjeleg organ på ein storleik som kan ha tilsette til å ta seg av desse oppgåvene på ein forsvarleg måte. Med arbeidsfordelinga mellom dei ulike kyrkjelege organane må ein legge vekt på å få til ei oppgåvefordeling som ivaretek det lokale engasjementet. Kanskje skal både orda fellesråd og prosti få kvile og ein kan innføre eit nytt begrep som td. kyrkjestyre. Dette organet må bli eit lokaldemokratisk forankra organ. Gjerne med direkteval.

Økonomiske konsekvensar .

Gravferdsverksemda er eit ansvar fellesrådet forvaltar på vegne av alle i lokalsamfunnet. Ein ber om at plikta til å dekke opp kostnadane til gravferdsverksemda vert teke omsyn til og ikkje blir sett på som tilskott til ei avgrensa guppe av befolkninga. Fleire av endringane vil føre til auka utgifter for fellesråda. Dette lyt ein fylgje med på og sjå til at økonomi og forventning om tenesteyting står til kvarandre. Td. har vi på bygdene mange gravferder for utanbygdsboande. Om vi skal kunne tilby kremasjon gratis til alle vil dette gje store omkostningar til frakt. Dei administrative kostnadane aukar og med ein auka mobilitet i befolkninga. Krava om parkanlegg osv er og aukande. Vi må sjå til at vi og i framtida kan ha verdige gravplassar ut over heile landet.

For Stangvik og Surnadal kyrkjefellessråd og Rindal Sokneråd

Ingeborg Nordlund
Kyrkjevevje

Karstein Svendsli
Leiar

Elsa Jensvold
Leiar